



# HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2305  
Klubbnr. RK

Månedsbrev for september 2016.

Årgang  
52



---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Eileen Brandad Hareide  
Visepres: Sverre Jarl Ulstein  
Sekretær: Arne G. Aschehoug  
Kasserar: Hanne Rognan  
Past pres: Bernhard Harkjerr  
Styremedlem: Vegard Gjerde  
Styremedlem: Bjørn Teigene  
Ansv.red.: Vigdis Riise  
Referent: Vigdis Riise og  
Hans Gisle Holstad

---

---

## **Tid å hausta inn**

*Desse milde soldagane i september.  
Tid å hausta inn. Enno er det tuvor med tytebær i  
skogen,  
njudone rodnar langs steingardane, netene losnar  
og svarte klasar av bjønnebær skin i kjerri,  
trasten leitar etter dei siste vinbæri og kvefsen syg ut  
dei søte plomone.  
I kveldingi set eg stigen burt og hengjer laupen frå  
meg i skuret.  
Skrinne bredar har alt ei tunn breidsle av nysnø.  
Etter eg er lagd, høyrer eg dunk av brislingfiskarane,  
dei gjeng ut.  
All natti veit eg dei glid med sterke ljoskastarar og  
leitar yver fjorden.*

*Olav H. Hauge*

---

## Referat frå Rotarymøte 5. september 2016

Denne kvelden var vi samla på kaia ved G Eilertsen AS på Hareid der vi skulle få vitjing av Rednings-skøyta "IDAR ULSTEIN".

Skøyta kom svingande inn mologapet og demonstrerte avansert bruk av brannsprøyta og andre finesser som å snu seg rundt på eit "frimerke". Flott å sjå!

Vi var mange som ville om bord, så vi måtte dele opp og få informasjon i puljer.

Eit kjekt møte om bord i ein flott og nyttig båt som er til hjelp for mange,



## ROTARYMØTE 12.9.16

Som den gamle og store «silde- og fiskerikommunen» Hareid ein gong var, såg vi med ekstra stor interesse fram til kveldens møte og foredragsdag.

Preseident **Eileen Hareide** ynskje forsamlinga velkomne, og spesielt foredragshaldaren, **Jan Johansen** og kveldens gjest **Ottar Brandal**.

Det høvde innleiingsvis denne kvelden med songen «At far min kunne gjera»

President Eileen har ved enkelte høve presentert innleiingsvis i møta, -korte historier nedskrive av bestefar sin Endre Hareide. Denne gongen las ho opp ei historie som passa for kvelden «Fiskaren fortel».

Etter nokre orienteringar, fekk Jan Johansen ordet. Johansen er son til den legendariske fiskebasen «Harald Bas» frå Ålesund. Og Johansen hadde gått i god lære sidan han sjølv vart fiskebas på M/S HARJAN.

Og rotarykvelden vart krydra, ikkje berre med sildehistorier, men i eit fengslende foredrag om sildefiske generelt og utvikling i fiske av denne fantastiske rikdomen frå havet, - som har veksla i intensitet frametter i tida. Sildefisket, særleg på norsk vårgytande sild, har i lange periodar vore det viktigaste norske fiske.

Bestanden av fisk har variert sterkt med rike og fattige tidsperiodar over mange tiår. I sitt historiske tilbakeblikk kom Johansen inn på at overfiske førde til kvotereguleringar frå midt på 1960-talet. I 1970 var praktisk talt heile gytebestanden vekke, men tok seg seinare opp att. I sitt tilbakeblikk tok han også grundig føre seg tema som fangsvolum, temperaturar og forskning. Han understreka den enorme kunnskapen om dette fisket som opparbeidde seg på båtane, og om eit fiske i rask utvikling. Også om båtar som vart bygde og båtar som vart kjøpte inn utanfrå. t.d. kvalbåtar, som vart ombygde. Sildevandringa frå slutten av 50-talet endra seg, og med det fisket,- frå saltefiske til industrifiske. Men frå 1963 vart det dårlegare fiske, truleg av lågare temperatur i sjøen. Dette galdt også fisket rundt Island og Jan Mayen. (mest lodde) Han kom inn på, og viste med grafar, korleis silda brått vart borte. Dette var i ei tid då ein gjekk over frå notfiske med notbåtar etc til kraftblokk. Rundt 1963 kom då trålarane og reinska havet, som han uttrykte det. Det vart forbod av storsildfiske til tidleg på 70-talet. Fiskebåtreiarane overlevde då på lodde til eit lite «nytt sildeeventyr» gradvis dukka opp frå om lag 1983. I dei gode åra var det rike årgangar der silda vandra sydover kysten og gytt der, ja heilt til Nordsjøen. I 1940 og fleire av krigsåra vart om lag halvparten av silda fanga i Rogaland. Han dvelte til slutt litt meir over dei 12-14 åra med rovfiske av storsilda, og understreka at fagfolk også no diskuterer kor mykje/lite ein skal fiske av ein annan aktuell fisk: makrellen. Makrelen er ein rovfisk, og vekst/tilbakegang av dette fiskeslaget har samanheng med sildebestanden.

--

Sjølvsagt fekk han spørsmål frå salen etter eit interessant foredrag.

## ROTARYMØTE 19.9.16

«Kommuneplanens arealdel» var tema på denne dags rotarymøte. Men før temadelen vart presentert, ynskte president **Eileen** medlemene velkomne, samt gjester som var innbedne til denne samlinga. Songkommunen Hareid må naturlegis synge innleiingsvis også til dette møtet,- og songen «Til lags åt alle kan ingen gjera...» passa sånn nokolunde til det som var tema for dagen, - sidan den nyttilsette rådmannen i Hareid; **Ragnhild Velsvik Berge** (busett i Herøy) med sin planleggar **Silja Øvrelid** hadde ansvar for dagens tema. Den nye rådmannen fekk først ordet og ga innleiingsvis uttrykk for at ho hadde vore godt motteka i kommunen, og takka for det. Ho hadde brukt første tida på å gjere seg kjend i kommunen generelt og i dei ymse avdelingane i kommuneadministrasjonen. Ho såg straks at den kommunale økonomien ikkje stod i stil med utfordringane og oppgåvene kommunen stod over for. Ho forespeglar sterke prioriteringar i komande budsjett,- på lik line med sterke prioriteringar i arbeidet mellom dei tilsette. Ho såg m.a. ei framtidige oppgåver i å få til ein betre internkontroll m.a. gjennom eit program som alt var kjøpt inn, men ikkje teke i bruk enno. Ho oppfatta at det også var forventningar til ein ny rådmann. Ho hadde difor sett opp fire «stolpar» i nærstående arbeid: Halde god styring på økonomien Støtte ein organisasjon og der- igjennom personalet i å opparbeide gode rutinar ved bruk av godt utstyr. Utføre gode tenester i alle ledd. Styrke lokalsamfunnet gjennom gode avgjersler, og samle «folket» (som ho uttrykte seg) til dra lass saman.

Ho såg desse mål»stolpane» i ein sams front. Det stod også føre å besøke bedrifter i kommunen.

Silja Øvrelid kom så inn på meir faglege ting i forhold til kommuneplanen som no skal rullerast. Det er ikkje lenge sidan førre revidering/rullering. Men med tida dukkar ting opp og påtregande utfordringar, som det i overordna samanheng ikkje har vore teke stilling til. Difor treng kvar tid si rullering.

Oftast ein gong i kvar kommunestyreperiode. Planen har både ein verbal del og ein kartdel.

Planprogrammet har vore ute til høyring mellom 25.mai i år og 8. juli.

Ein opererer med fem utgreiingsområde: bustad/fritid, infrastruktur, klima/miljø , næring og barn og unge. Ho fortalde at ho no held på å skrive planforslaget som skal leggest fram til politisk handsaming i jan -17. Deretter vert det mykje møteaktivitet og ideverkstadar samt nettaktivitet for å få fram nye påtrengande og framtidige behov.

Slutthandsaming av planen er førebels sett til 2. halvår 2017.

Til slutt gjekk ho gjennom ein del verbale formuleringar/utfordringar i planen

--

Heilt til slutt vart det opna for innspel og debatt. Ferdiggjering og prioritering av bustadbygging var eit sentralt tema.

## **ROTARYMØTE 26.9.16**

Dette var eit programfritt møte,dvs eit møte der medlemane skal få høve til å prate saman rundt småborda,- forstyrre av for mange andre innslag.

Men som vanleg innleiingsvis, song vi : Denne gongen :«Vi vandrer med freidig mot....»

President **Eileen Hareide Brandal** orienterte så frå Distrikskonferansen for vårt distrikt 2305 på hotell Waterfront i Ålesund,-arrangert av Giske Rotaryklubb og guvenør **Gunnar Kvalsund**.

Frå Hareid var det president og innkomande president **Sverre Jarl Ulstein** som møtte frå klubben,- og i tillegg var medlem **Gunnar Riise** der på laurdag.

Det var fleire gode foredrag både laurdag og søndag, og frå laurdag nemde ho spesielt foredraget til tidlegare politisjef i Oslo, Hanne Kristin Roede.

Søndag var det årsmøte,presidentforum for dei 7 delane av distriktet. Det var også innlegg både frå David Wallwork ,som starta «David School» i Sierra Leone,- og fotoforedrag av fotograf Werner Anderson frå Sula. Sterke inntrykk vart formidla.

Deretter las ho også denne gongen ei lita forteljing som bestefar hennar Endre Hareide hadde skrive: «Skokort og flystyrt».Interessant forteljing om to små opplevingar Endre hadde hatt under krigen,nettopp om eit skokort som hadde skapt glede, og om den tragiske hendinga ute i Sulafjorden der eit tysk fly kom brennande sydfra over Vartdalsfjella og styrta langt ute på Hareidsvika. Flygaren skaut seg ut i fallskjerm , og båt med mannskap gjekk ut frå Hareid og redda han, og frakta han ut til Kvitneset til tyskeleiren der.

Praten rundt borda gjekk så livleg til timen var slutt,og presidenten ynskte oss vel heim.